

# Kva er dette?

## Rette svar:

1. **Hesteskrape.** Brukt til å skrape/massere hesten med. Handreima er borte. NFM.1978-03813
2. **Snehøvel eller legghøvel.** Reiskap brukt ved tønneproduksjon. Til å høvle av tønnekanten oppe og nede på innsida til om lag halv tjuknad. NFM.0000-02305
3. **Slingrestokk eller slyngrestokk.** Reiskap til produksjon av snor eller snøre, m.a. snøre til line.
4. **Varmeflaske.** Produktnamn "Instra Warmers". Patent frå 1896, London. Usikkert korleis, men dei fekk varme i den, slik at den låg i lomma eller hang under kleda og gav varme på kalde dagar. NFM.1988-00164.
5. **Lysestake** festa på ein vinkel av jarn. Vinkelen er spiss i kvar ende, slik at lysestaken kan slåast inn i t.d. ein vegg. NFM.0000-01733.
6. **Barberbladslipar.** Truleg produsert og nytta under andre verdskrigen, då norskproduserte barberblad var det einasta ein fekk tak i. Desse blada måtte slipast etter kvar barbering. NFM.1988-00121.
7. **Stolpemål.** Målereiskap. Eit langt "kjede" samansett av mange "stolpar" på omlag 2 cm. Merkt med metallringar med jamn avstand, så ein slepp telle kvar stolpe. Var brukt til å måle hest og storfe sin "brystvidde", altså målet rundt kroppen rett bak framføtene. Brystmålet var eit viktig moment i vurdering av dyra. Ein prata om "kor mange stolper" det og det dyret var. NFM.1996-00300

## Vinnarane:

1. plass: Gunnar O. Tystad
2. plass: Turid Tyslevold og Berit Vetland  
Fam. Anne-Marit og Dag Starheim  
Magne Nygård

## Vi Gratulerar!



*Gunnar O. Tystad med Slyngrestokkane*